

Det er konserttid i kulturskolen. Dei årlege sesongavslutningskonsertane kjem på rekkje og rad. Mandag kveld vart ein av desse avvikla i amfiet på Malmanger skule. I den overfylte salen avløyste den eine talentfulle framføringa den andre. Det var mange uskedelingar mellom dei.



Lars Andres Sæbø og Bente Halvorsen imponerer alltid når dei optrær. Denne gangen gjorde dei det saman med husnesjentene Marta S. Tveito (med far Stig frå Feet) og Annikken Torget som kornettkvartett.

Som vanleg på desse konsertane var det mykje vellåt for øyra. Bli like imponert kvar gang når vi får høyra kva som vert prestert etter kyndig rettleiing av dugande lærarkrefter. Det er ingen grunn til å trekkja fram einskildnummer. Samtlege imponerte, og det er variasjonen og breidda som gjer det så flott!

I tillegg til muskarane og songarane presenterte og biletkunstelevane nokre av sine produkt. Eit fint innslag, og mykje fint for auga.



Strykeorkesteret stilte med både hattar og solbriller. Her representert ved dei flinke cellistane Katrine og Anne Marte.

Vi tar med namnet på uskedalingane som bidrog:

Solveig Karine Bu (piano og dans), Ingvill T. Sture, Rune Kjærland, Ellen Karin Moen og Ida L. Telstø(bildekunst).

Lars Andres Sæbø og Bente Halvorsen spela kornettkvartett saman med to Husnes-jenter.

Strykeorkesteret på 8 medlemmar hadde eit solid Uskedals-innslag. Anne Marte Zimmer, Katrine Y. Røsland og Synnøve Bringedal utgjorde cello-gruppa medan Ingebjørg Haugland spela piano, og Siv Hanne Kjærland trakterte tverrfløyta.

Det var og ei messinggruppe med rein Uskedalsbesetning. Det var Vegard Døssland, Ingvill Sture (begge kornett), Kaja Døssland(trombone), Kari Bråtun(althorn), Hans Fredrik Zimmer, Jostein Bauge(begge baryton) og Thomas Halvorsen(tuba). Både messinggruppa og kornettkvartetten hadde med seg Kjell Borge Olsen på trommesett.

Det vart presentert knapt 40 nummer i tillegg til presentasjonen av bildekunsten. Dermed varte konserten heile ein time og femti minutt. Det er lenge, men det er og kjekt å møtast, og å oppleve ein del av mangfaldet i kulturskulen.





Barytonistane Jostein Bauge og Hans Fredrik Zimmer var to av dei yngste i messinggruppa. Dei slo til med krevjande latinamerikanske rytmar i stykket Malaguena.

Elles meiner vi at konserten burde vore i samfunnshuset. Så mange flinke elevar og eit så stort publikum hadde fortent det! Tidlegare har kulturskuleleiinga argumentert med at ein av grunnane til at foreldre og søsken skal betala billetter på desse konsertane m.a. er at dei må dekkja husleigeutgifter.

Vi håpar derfor konserten neste år vert i samfunnshuset, alle som opptredde skal vita at vi gler oss. Takk for flott innsats alle saman!!!

Tekst og foto: Thor Inge Døssland.